



KREFTFORENINGEN

Bergen 8.05.2018

Til leiar Radøy Anne Brattetaule, kommunalsjef Modalen Ove Sæbø, kommunalsjef Meland Helge Kvam, kommunalsjef Lindås Leni Dale, kreftkoordinator Anne Britt Hauge, einingsleiar Benthe Fjeldstad Helland.

Kreftforeningen takkar for eit godt møte om den interkommunale kreftkoordinatorstilling i Nordhordland 06.04.2018. Vi sender her ei kort oppsummering av noko av det som vart teke opp på møtet.

Geir informerte om kreftkoordinatorsatsinga nasjonalt og om ein rapport utarbeidd av Osloeconomics som evaluera die velferdsmessige og økonomiske verknadane av kreftkoordinatorfunksjonen.

Anne Britt har utarbeidd god årsrapport frå 2017 og årsplan for 2018.

Kvar kommune sa litt om sine erfaringar og forventningar til kreftkoordinator.

Benthe fortel at det ikkje er oppretta god nok tilgangar og dokumentasjonssystem for kreftkoordinator. Ho arbeider med dette. Tone vil gje henne kontaktinformasjon til ein kommune som har oppretta og fått til gode tilgangar og dokumentasjonssystem for kreftkoordinator.

Frå 01.06.2018 skal kreftkoordinator organiserast inn under Helse. Leiar for Helse eininga Reidun Sæbdal blir då nærmaste leiar for Anne Britt. Ein planlegg og for ny kontorplassering men dette er ikkje på plass endå.

Vidare samarbeid:

Kreftforeningen ynskjer samarbeid med kommunane om alle sider av kreftsaka, og kan bidra med kompetanse og ulike verktøy innan ulike felt som t.d. Barn og unge som pårørande, rehabilitering og førebygging.

Kreftforeningen ser det som viktig at kreftkoordinatorfunksjonen vert ivareteken i alle kommunane og at stillinga blir med i planlegging av nye Alver kommune.

Tone tek kontakt for å planlegge eit møte med Anne Britt og leiar tidleg haust.

Geir tek kontakt for eit møte med kommunalsjefane ein gong i året, neste våren 2019.

Med vennleg helsing

Kreftforeningen

Distriktssjef Geir Vangsnes, rådgiver Gina Barstad og rådgiver Tone Gjelsvik Sellevold